



Voss kommune  
Postboks 145  
5701 VOSS

Dato: 06.03.2018  
Vår ref.: 2018/7846-4  
Saksbehandlar: litztoll  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til planprogram for kommuneplan Voss herad 2020-2031

Vi viser til brev datert 23.02.2018 om oppstart av arbeid med kommuneplan for Nye Voss herad 2020-2031. med planprogram. Felles planprogram for nye Voss herad ble sendt på offentlig ettersyn 2.1.2018, men på grunn av feil mottok vi ikkje materialet før fristen var gått ut. Fylkeskommunen fekk ny frist for fråsegn til 6.3.2018.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

Planprogrammet er felles for kommuneplanen sin samfunns- og arealdel, og ein tek sikte på parallel handsaming. Samfunnssdelen er eit verktøy for kommunen si heilskaplege planlegging og skal vere grunnlaget for sektorane sine planar. Samfunnssdelen skal også gje grunnlag for overordna prioriteringar i arealdelen. Kommuneplanens samfunnssdel skal bygge på overordna planer og retningslinjer.

I regional planstrategi for Hordaland 2016-2020 «Utviklingsplan for Hordaland», er det eit langsiktig mål at Hordaland skal vere berekraftig, attraktivt og nyskapande. For å oppnå dette er det gitt fire hovudmål:

- Høg sysselsetting
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Det er positivt å merke seg at planprogrammet for KP Voss herad følgjer disse måla gjennom å ha fokus på mellom anna næringsutvikling, klimatilpassing og senterstruktur. Andre tema kommunen har trukke fram i planprogrammet (kap 9) som *særskilte tema som bør ha fokus* i arbeid med kommuneplanen er: *Sosioøkonomiske faktorar og utvikling, kommunal tenesteproduksjon, folketalsutvikling, Det grøne skiftet, digitalisering, bustadbygging, friluftsliv og massehandtering.*

Fylkeskommunen rår til at det også vert definert nokre prinsipp/visjonar som enkeltforsлага vert målt opp mot, for å kunne gjere ei balansert vurdering og vektning av dei ulike formåla/tiltaka som skal behandles i prosessen. Kommunen har til dømes i liten grad omtalt folkehelse eller bærekraft som tema, men som er viktig med omsyn til både klima, natur, menneske og økonomi. Dette følgjer av Plan- og bygningslova som i føremålsparagrafen seier at: «*Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner. Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.*»

Gjennom skiping av cafedialogmøter både på Voss og i Granvin samt oppretting av eige nettside og Facebookside, syner kommunane at dei ønsker medverking frå innbyggjarane for å sikre ein god prosess.

#### Om kombinert planprogram for både samfunnsdel og arealdel

Voss og Granvin kommune ønskjer å vedta samfunnsdel og arealdelen til felles kommuneplane samstundes. Dette er mogleg, men kan også medføre utfordringar, då samfunnsdelen og arealdelen er ulike i høve til grunnlag og metodar. Det er formelle krav i Plan- og bygningslova knytt til arealdelen, til dømes i høve til KU.

Planprogrammet til høyring er generelt og kan med fordel spissast meir. Ein meir konkret skildring av status, visjonar og utfordringar vil gagne det nye heradet og prosessen. Ei utgreiing og drøfting av kvart hovudtema hadde også vore nyttig og interessant.

Fylkeskommunen ser at planprogrammet gjev få føringar og vil berre i avgrensa grad gje retning for arbeidet med særskilt arealdelen. Vi vil rå til at planprogrammet blir gjeldande for berre samfunnsdelen, for så å utarbeide planprogram for arealdelen i neste omgang. Anten som eige planprogram eller som revidert planprogram for både samfunnsdel og arealdel. Fordelen med å vedta samfunnsdelen først, er å få på plass viktige prinsipp og prioriteringar knytt til arealutviklinga på Voss herad.

#### **Tema knytt særskilt til samfunnsdelen**

##### Folkehelse

Gjennom kommuneplanen skal kommunane ha ansvaret som ligg i folkehelselova inn i den kommunale planlegginga. Kommunen skal i arbeidet med kommuneplaner fastsetje overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor.

Folkehelse er i planutkastet omtala særleg på side 15 og 16 under kultur og idrett sine ansvarsområder. Vi saknar noko breiare folkehelseperspektiv/strategiar på tvers av alle kommunen sine innsatsområde. Korleis er den tverrsektorielle felles folkehelsesatsinga tenkt? Det er også utspeide korleis den nye kommunen tenkjer seg spørsmål som gode vilkår for folkehelse og levekår, og ikkje minst sosial utjamning og universell utforming inn i fokusområda i samfunnsdel og arealdel jfr. pbl. § 3.1.

Vi saknar også noko om kva datagrunnlag knytt til helsetilstanden til befolkninga som ligg til grunn for vala i planprogrammet. Det står nemnt i planutkastet at kommunen skal ha ei slik oversikt, men det er ikkje nemnt korleis kunnskap om helsetilstanden for befolkninga og positive og negative faktorar som kan verke inn på denne er vurdert opp mot planlagde satsingar i den nye kommuneplanen. I planprogrammet står det også at «på lengre sikt bør ein ha fokus på folkehelsa». Planprogrammet har tidshorisont 2020 – 2031. Tiltaksplikta etter folkehelselova ligg fast allereie i dag og er forsterka i lova frå 2012. Kommunen skal setje i verk nødvendige tiltak for å møte folkehelseutfordringane i kommunen, jfr. fhl § 5. Kommuneplanen er verkytet for dette.

##### Oppvekstvilkår

Voss og Granvin ligg lågare enn anbefalt i nasjonale mål når det gjeld helsesøster til vidaregåande skular, dette bør vurderast å prioritere i samfunnsdelen.

##### Klima og energi

Det er positivt at planprogrammet løfter fram *Det grøne skiftet* som et viktig fokuspunkt i den vidare planprosessen. I følgje statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging er det eit krav at *Kommunene skal i sin kommuneplan eller i egen kommunedelplan innarbeide tiltak og virkemidler for å redusere utslipp av klimagasser og sikre mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i tråd med denne retningslinjen*. Då dette temaet ikkje er tenkt inkludert i kommuneplanen, vil det då følgje av retningslina at den nye kommunen skal utarbeide eigen kommunedelplan for klima- og energi. Voss kommune har nyleg

vedteke sin nye klimaplan, og vi går difor ut i frå at den nye kommunen vil følgje Voss sin tradisjon for å ha eigen kommunedelplan for temaet.

Voss er ein kommune der turisme er ei viktig næring. Dette er ei av næringane som er sårbar for klimaendringar, jamfør NOU 2010: 10 «Tilpassing til eit klima i endring— Samfunnet si sårbarheit og behov for tilpassing til konsekvensar av klimaendringane». Graden av sårbarheit vil vere avhengig av evna til omstilling i næringa og for å bu turistnæringa på omstillinga kan nye Voss kommune vurdere å ta med konsekvensar av klimaendring for turisme inn i arbeidet med kommuneplanen.

### Næringsutvikling

#### *Reiseliv og entrepenørskap*

Det er ein styrke at næringsutvikling er tenkt som eit eiga fokusområde i samfunnsdelen i kommuneplanen. Målsettingar med arealmessige implikasjonar må speglast i arealdelen. Med tanke på planar og utvikling innan kommunikasjon vil Voss kome stadig tettare på Bergen. Vi oppmodar til å tenkja bredt, langsigkt og visjonært når det gjeld næringsutvikling i det vidare planarbeidet. Korleis kan ein i næringssamanheng «utnytte» at ein kjem stadig tettare på Bergen?

Det går fram at nye Voss herad ønskjer å setja fokus på reiseliv, og det er positivt. Reiseliv er ein viktig næring i Hordaland, og eit viktig satsingsområde for fylket, jf. regional næringsplan. Her har heradet gode føresetnader, og Voss har allereie fått til mykje som vi vonar nye Voss herad vil byggja vidare på.

Kommuneplanens samfunnsdel skal ikkje berre ta opp i seg kommunesamfunnet som heilskap, men også kommunen som organisasjon. Når det gjeld sistnemnde, så oppmodar vi til å vurdera å satsa på Ungt Entreprenørskap (UE) i skulen, jf regional næringsplan for Hordaland. Arbeidet med å fremja fleire gode gründerar på Voss bør starta tidleg.

#### *Digitalisering*

Fylkeskommunen syner det er positivt at det frå planprogrammet framhevar at det heradet vil setje fokus på digitalisering og ny teknologi. I samband med dette går det fram at heradet har ein utfordring med därleg infrastruktur i utkantstrøk.

Voss herad har ei sentral rolle i arbeidet for å skape alternativ føringsveg for digitalt kjernenett mellom Bergen og Austlandet (og andre vegen) samt mellom Bergen og Indre Sogn (Leikanger og Hermansverk). Sistnemnde føringsveg vil etablere naudsynt utbetring mellom dei to hovudadministrasjonane i dei to fylkeskommunane som skal slå seg saman. Det vil også betra forbindelsen mellom tilsvarande punkt for Fylkesmannen og eksisterande kommunikasjon for Statens Vegvesen på Vestlandet. Forbindelsane vil også sikre dei tre aktuelle kommunane (Voss, Aurland og Vik) betre forbindelsar for eksisterande og kommande næringsliv samt ein generell styrking av beredskap og sikkerheit i området. Etableringa vil vera av regional og nasjonal verdi ut frå sikkerheits- og beredskapsomsyn.

#### *Vekst og senterutvikling*

Attraktive sentra er meir enn fysisk planlegging. Det har med trivsel og vekst å gjere. Det er positivt at Voss herad vil satse på Vangen som regionalt og kommunesenter, og dyrke fram Granvin som eit godt lokalsamfunn/-senter. Dette kan speglast gjennom ei vektlegging på arkitektur og design, universell utforming, miljøgater og lokal historie og uttrykk, og i eit planprogram bør kommunen drøfte kva som er unikt med Granvin og Voss, og korleis ein kan framheve og forsterke dette gjennom vekst. Ønskjer ein vekst, må ein ned i materia kva som gjer at folk flyttar hit, eller flyttar heim att. Næringa er her viktig for å tilby arbeidsplassar, men også det gode liv i Voss herad med nærliek til barnehagar, skular, møteplassar og vakre naturnære omgjevnader. Korleis skal så Voss planlegge for å få til gode nærmiljø? Kva gjer Voss til ein attraktiv kommune utover å levere gode kommunale tenester, og vere ein pendlarbygd for omlandet?

I arbeidet med ny kommuneplan vil det gjerne kome nye perspektiv som ein vil ha med i ein arealstrategi, som til dømes «*Det grøne skiftet og den kompakte tettstaden*». Kva betyr dette i for nye Voss herad? Kva er strategiane for den familievenlege tettstaden med nærliek til alt? Korleis forankrar ein mål og virkemiddel for «framtidsretta bustadbygging»? Kva er status for tilgang på tomter og utviklingspotensiale innanfor dagens råmer?

#### *Lokalsamfunnsutvikling*

Det er positivt at arbeidet med ny kommuneplan vil setje særskilt fokus på Granvin som lokalsamfunn, no som bygda ikkje lenger skal vera eit kommunesenter. Etter det vi er kjende med så er det ein god sidan næringsplan for Granvin herad blei oppdatert (2007-2010). Når ein no harmonerer strategiane til Granvin og Voss, er det viktig at ein også gjer ein situasjonsskildring og næringsmessige vurderingar knytt til Granvinsområdet.

Når det gjeld lokalsamfunnsutvikling oppmodar vi til å ha fokus på dei gode prosessane nedanfrå-og-opp. Det å ha ambisjon om å få til eit LivOGLyst-prosjekt på staden, kan vera eitt av tiltaka for å fremja lokalsamfunnsutvikling. Det står at Granvin har som mål å vera ei trivselsbygd, skriv dei, og i samband med det kan vi nemne at i LivOGLyst-programmet sett vi fokus på lokalsamfunnsutvikling i brei forstand – sosialt, økonomisk og kulturelt. Dette kan vere eit viktig tiltak / strategi. Andre lokalsamfunn på Voss har jobba systematisk med lokalsamfunnsutvikling gjennom LivOGLyst-programmet tidlegare, nemleg Jordalen og Hedleberget. Desse miljøa kan vere nyttige å vere i dialog med for inspirasjon og erfaringsutveksling knytt til arbeidet med lokalsamfunnsutvikling.

#### *Landbruk*

Det er ein styrke at landbruk skal vere eit eiga tema i den vidare planprosessen. Hordaland har ein låg arealandel dyrka eller dyrkbar mark, jf. regional planstrategi. Voss har rike jordressursar, og vi oppmodar til å i det vidare planarbeidet ha målsettingar og strategiar knytt til å ivareta jordressursane best mogleg. I tillegg til å ha fokus på arealdelen ved landbruk, er det i tillegg viktig å ha strategiar/tiltak knytt til produktutvikling/lokalmatsatsing osv.

*Temoplan for landbruk i Hordaland* er ein viktig regional føring, og bør i tillegg nemnast i oversikten over desse. Denne skal handsamast i fylkestinget nå i mars, og frå planen utgår desse tre hovudmåla: 1) styrke lønnsemd, 2) auka produksjon på lokale ressursar og 3) betre rekruttering til landbruket.

Vi oppmodar til at kommunen legg til rette for næringsutvikling for landbruket, og kommunen bør vere bevisste på korleis dei kan hjelpe gründerar i landbruket. Auka produksjon på lokal ressursar: for å få til dette så trengs det eit aktivt landbruk og areal av god kvalitet og som er samanhengande. Ein må difor ha restriktiv politikk knytt til oppstykking av landbruksareala. Da blir det vanskelegare å drifta lønsamt, og ein blir meir sårbart for ytterelegare oppsplitting og nedbygging. Landbruket er ei viktig næring i Voss det bør det fortsette å vere. Sjølv om det nye heradet vil ha mykje jord, så må ein syta for å unngå nedbygging.

Skal landbruket ha god rekruttering må det være berekraftig økonomisk, sosialt og miljømessig. Alt henger sammen med behovet for gode samanhengande jordareal.

#### *Landskap/friluftsliv*

Det er eit mål at alle skal ha høve til å drive med friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Å sikre tilgjenge til friluftsområde, både dei små grøne lungene i nærmiljøet og dei større samanhengande friluftsområda er viktig i alt planarbeid. Dei kartlagde regionalt viktige friluftsområda i Hordaland gjev eit godt grunnlag for kommunen si planlegging. I samband med kommuneplanrevisjon kan kartlegginga detaljerast og følgjast opp med kartlegging av lokalt viktige friluftsområde. For å kunne tilpasse utbygging til det eksisterande landskapet og sikre verdifulle landskap er det naudsint med metodar som kartlegg og analyserar ulike typar landskap. Nettkartet til Hordaland

fylkeskommune, [kart.ives.no](http://kart.ives.no), har kartlag som viser landskap. Under tema landskap og friluftsliv kan ein finna kart over landskapstypar, landskapsverdi, regionale friluftsområde og inngrepsfrie område.

### Kulturminne og kulturmiljø

Nye Voss herad vert ein stor kommune med eit stort tal kulturminne. Dette er kulturminneverdiar av ulik slag. Det er såleis viktig at ein søker å sjå heradet under eit og integrerer ein heilsakleg vernestrategi for heradet. Felles kommuneplan som også tek grep om dei lokale kulturminna vert vesentleg viktig. Voss herad vert eit knutepunkt i den nye regionen og ein bør i den nye arealpolitikken ha ei balansert vektning mellom utvikling og vern av kulturminne og miljø. Ein må slik søker å få etablert ein felles kulturminneplan for heradet for å styrke det lokale kulturminnearbeidet.

Kommuneplanen er eit viktig verktøy og i arbeidet med kulturminne frå alle tider. Det er slik vesentleg at kommuneplanen viser dei viktige utfordringane i heradet sin kulturminnepolitikk. Heradet må slik sikre at planane har tilstrekkelege retningslinjer og føresegner i samband med vern og omsynssoner. Samkjøring av eksisterande verneobjekt vert viktig – men og revisjon i høve til nye standardar.

I sjølve planprogrammet er ikkje kulturminne vist som eige tema. Kulturminne som ein kategori femnar om det freida, men også om dei lokale kulturminna. Desse er viktige å vise i t.d. ein samfunnsdel for å sikre at lokal identitet og tilhøyrsele vert teken vare på vidare. Dette skal vidare nedfellast i arealdelen, der ein gjennom gode planar får effektive prosessar. Fylkeskonservatoren finn at ein med fordel kan ta opp kulturminne som tema i samband med oppvekst og livskvalitet lokalt. Kulturminneverdiar av ulik slag spelar ein viktig del inn i samfunnsdelen, under tema som senterstruktur, næringsutvikling og eit grønt skifte. Arealdelen må ta opp tema om kulturminne, alle kategoriane som er lista opp i planprogrammet vil både automatisk freida, vedtaksfreida og lokale kulturminne vera viktige faktorar.

Samanfatta ser ikkje fylkeskommunen at planprogrammet tek god nok høgde for kulturminne som tema. Lokalt engasjement er viktige samfunnsverdiar og overordna planar må slik støtta opp om dette gjennom dokumentasjon, tilrettelegging og prosessar for vern og skjøtsel. Dette visast ikkje igjen i planprogrammet og vi ber om at dette vert tatt med inn i prosessane vidare. Voss herad får ei stor mengd kulturminne som er ein særskilt del av vår nasjonale kulturarv, og dette må med i prosessane fram mot ein samfunnsdel og arealplan.

### **Tema knytt særskilt til arealdelen**

Arealdelen er, til forskjell frå samfunnsdelen, eit juridisk bindande dokument. Arealdisponeringar kan gi store samfunnsmessige konsekvensar, ved at planen legg til rette for avgjerande store tiltak, eller gjennom sumeffektar av mange små tiltak. Det er krav om at alle endringar i arealdisponeringar i kommuneplanens arealdel skal konsekvensutreiaast, og det skal gjerast ei risiko- og sårbarheitsanalyse.

Ein arealdel i ein kommuneplan vil gjerne innehalde klare strategiar for vidare arbeid, som også bind saman samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Ein måte å gjere dette på er å ha ein «langsiktig arealstrategi» som eige kapittel, som peiker ut hovudretningar og dannar grunnlaget for kommuneplanen sin arealdel. Her bør hovudutfordringane for arealdisponering kome fram.

Kommuneplanens arealdel bør drøfte hovudkategoriane av arealbruksføremål, kome med ei foreløpig vurdering av arealbehov og eventuelt andre behov for justeringar. Det bør også diskuterast om føresegner skal vidareførast i form og innhald, eller om det vert endringar her. Tilhøvet til nabokommunane når det gjeld føresegner kan også gjerne drøftast. Viktige moment som bør vere med er korleis gjennomføring av KU skal vere, kva rammer eksisterer, kva ønskjer ein å få fram?

Under er døme på hovudkategoriar av arealbruksføremål:

- Busetnad:

- Bustad, herunder omsyn til bærekraft, dyrka mark, teknisk infrastruktur, marknadsinteresse, klima
- Idrettsanlegg
- Tenesteyting
- Næringsareal
- Fritidsbusetnad
- Råstoffutvinning
- Transport/mobilitet:
- Grønstruktur
- LNRF-område
- Bruk og vern av sjø og vassdrag
- Omsynssoner

I tillegg til disse skal alle framlegg til vesentlege endringar i arealbruk utreiaast med tanke på kva miljø-, ressurs- og samfunnsomsyn som vert rørte. Det skal greiaast ut om overordna konsekvensar av dei eventuelle arealendringane eller føreseggnene som vert lagt fram, jamfør forskrift om konsekvensutreiling.

I vedlegg 13.1 vert det vist ein tabell for verdivurdering og konsekvensvurdering av nye tiltak. Tabellen ramsar opp mange relevante tema som bør konsekvensutgreiaast som del av planarbeidet, men grundigare enn det stikkordsmessige som vert vist i vedlegget. Det er nye rettleiarane frå Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, meir info her:

[www.regjeringen.no/no/dokumenter/konsekvensutredninger-anerkjent-metodikk-og-databaser-for-innlegging-av-data/id2427222/](http://www.regjeringen.no/no/dokumenter/konsekvensutredninger-anerkjent-metodikk-og-databaser-for-innlegging-av-data/id2427222/)

#### Senterstruktur - Voss som regionssenter

*Regional plan for attraktive senter* er særskilt relevant for kommuneplanen til Voss herad. Hovudmålet i planen er at Hordaland skal ha attraktive senter som fremjar livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport. Sentera skal legge til rette for vekst i heile fylket, og er aktuell for det målretta arbeidet Voss og Granvin har i høve til eigen senterstruktur. Kvart plantema inneholder mål, planskildring, retningslinjer og handlingsprogram. Planen inneholder føresegner som regulerer storleik og lokalisering av handelsverksemd.

I den vidare planprosessen bør ein jobba bevisst og målretta med senterstruktur i den nye storkommunen. Vi oppmodar til bevisstgjering og målretta arbeid knytt til kva for funksjonar som skal ligga til kvar plass, og å planleggja for eit sterkt regionsenter. Det er viktig at dette arbeidet er politisk forankra.

Voss har to vidaregåande skuler lokalisert på Vangen, som bygger opp under statusen som regionsenter.

#### Handel og handelsanalyse

For å legge til rette for vekst i arbeidsplassar og næringsliv, er det naudsynt at ein gjennom planlegging har ei tilstrekkelig arealreserve som dekker framtidige behov. Analyser som er gjort i samband med regionale planar syner at det er stort potensiale for fortetting og transformasjon i regionens sentrale deler, som regionsenteret Vossevangen. Statlege og regionale planretningslinjer viser til prinsipp for lokalisering av ulike type verksemder, der arbeidsplass- og besøksintensive næringar skal lokalisera i senter med god tilgjenge for sykkel, gange og kollektiv. Arealkrevjande verksemder bør derimot bli lokalisert meir perifert, men tett knytt til hovudveg.

Tema handel er viktig i arbeidet med planprogram for kommuneplan. *Regional plan for attraktive senter* har definert eit mål om at sentre skal vere attraktive for handel med handelsverksemd dimensjonert etter nivå i senterstrukturen. Utvikling av sentera i Hordaland i tråd med ein fastlagt senterstruktur skapar føresegnelege rammar for både offentlege og private aktørar. Tydeleg satsing i utvalde senter vil gjere dei attraktive som lokaliseringstad for tenester, handel og arbeidsplassar og kan setje i gong ein positiv etableringsspiral.

Innad i den enkelte kommune er det behov for at kommunen fastsett lokalsenter og nærsenter kor ein ønskjer nye etableringar av handel og offentlege og private tenester av lokal karakter.

De regionale føresegne i Senterplanen erstattar *Forskrift om rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre* frå 2008. Ved etablering av samla handelsareal (BRA) på over 3000m<sup>2</sup> i eit bygg, skal fylkeskommunen ta stilling til om tiltak kan gjennomførast gjennom samtykkehandsaming, jf § 4.1 i Regional plan for attraktive senter. I forkant skal det verte utarbeida ei handelsanalyse som skal sikre at sakar som gjeld ny handelsetablering blir tilstrekkelig opplyst før ein tar ei avgjerd, jf § 4.2. Framlegget bør syne ei berekning eller sette tak på kor mange m<sup>2</sup> handelsareal som kan etablerast, elles vil det vere behov for samtykkehandsaming i kvar enkelt byggjesak eller detaljplan over 3000m<sup>2</sup>. Det er ein fordel å planlegge dette på områdeplannivå, då det skaper føreseie for utbyggarane.

Fylkeskommunen held p.t. på å utarbeide ein mal for handelsanalyse, og vil i løpet av våren 2018 gjera denne tilgjengelig på nettsida til planseksjonen i *Hordaland.no*. Vi ber om at det vert sendt samtykkesøknad med grunnlag i handelsanalysen i samband med områdeplanen dersom det planleggast for større handelsbygg.

#### Areal- og transport

Planprogrammet syner til SSB sine tall frå 2016 om folketalsutvikling og demografi i regionen som legg opp til monaleg vekst fram mot 2040 i Bergen og på Voss. Nytt dobbeltpor mellom Voss og Bergen vil gjere det meir attraktivt å pendle mellom dei to stadene, og nye Voss legg derfor til grunn at ein del av befolkningsveksten for Bergensområdet vil komme på Voss. Folketalsutvikling er vanskeleg å spå, og SBB har i dei seinaste rapportane moderert anslaget for befolkningsveksten for både Bergen og Hordaland. Ein bør derfor legge ut nye utbyggingsområder med omsyn, slik at ein får kanalisiert veksten til områder som er berekraftig i eit langsiktig perspektiv. Areal avsett til bustader og næring bør lokalisert sentrumsnært og i eksisterande utbyggingsområder, slik at ein i størst moglig grad kan nytte og vidareutvikle eksisterande infrastruktur.

Kapittel 9 skisserer opp viktige hovudtema for kommuneplanen. Fleire av desse tema heng saman og kan med fordel sjåast meir under eit. Dette gjeld særskilt *tilrettelegging med tanke på auka tilflytting, senterstruktur og næringsutvikling*, som alle kan koplast til dei statlige planretningslinjene for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging (SBAT). Dette er retningslinjer som også er lagt til grunn i regionale styringsdokument, som *Regional transportplan 2018-2029* og *Plan for attraktive sentre i Hordaland 2015 – 2026*.

I *Regional areal- og transportplan* er det gitt eit prinsipp om differensiert arealforvaltning. Dette inneber at utbygging kan bli vektlagt sterkt i høve til andre omsyn innanfor den regionale vekstsona. Utanfor den regionale vekstsona skal omsynet til naturmangfold, landskap, landbruk, kulturmiljø og landbruk bli særlig vektlagt. Dette prinsippet bør kommunen legge til grunn i utforminga av kommuneplanen.

Det er viktige stikkord som er trekt fram under dei ulike tema, men vi saknar ein meir heilskapleg tenking kring etableringa av mellom anna bustadområder, næringsliv og korleis kommunane ønskjer å legge til rette for dei ulike transportalternativa. Dei regionale og statlege planretningslinjene inneber at det er særleg i tettstadområder og kring kollektivknutepunkt at bustadutbygging og næringsutvikling bør prioriterast. I slike område bør kommunen legge særleg vekt på høg arealutnytting og fortetting der bustadområder er knytt til viktige funksjoner som skole, butikk og service. Slik tilrettelegging vil gi gjere det enklare å velje dei miljøvenlege transportalternativa, som sykkel og gange, framfor bil. Spreidd busetting kan gjere det utfordrande å drive kommuneplanlegging i tråd med nasjonale retningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging.

#### *Mobilitet*

Fylkeskommunen saknar at planprogrammet drøftar mobilitet og korleis kommunen skal bygge opp under miljøvennlege reiser innad i den nye kommunen. Mobilitet er og eit tema som med fordel kan koplast til

folkehelsearbeidet i kommunen. Det er til dømes ei nasjonal og regional målsetting at 80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skolen. Skal ein lukkast i dette arbeidet må det skapast trygge og bilfrie områder kring skolane og barn og unge må motiverast til å gå eller sykle. Mobilitetsretta arbeid er døme på eit tema som det bør vere knytt klare prinsipp og prioriteringa til. Slike tema høyrer heime i samfunnssdelen av ein kommuneplan og skal legge føringar for arealdisponeringa. Det er viktig at slike prinsipp vert løfta i det vidare arbeidet med å rullering kommuneplanen.

#### **Arealreserver**

For å finne den rette balansen i utbyggingsmønsteret er det sentralt å ha oversikt over arealreserven i heradet, og kor stort potensialet er for fortetting innanfor dagens utbyggingssone. Ei slik oversikt bør bli utarbeidd som eit felles grunnlag for kommunedelplanen og kommuneplanens arealdel. Dette vil vere nyttig når ein skal skissere framtidige behov for utbyggingsareal. Vidare bør ein i planarbeidet oppdatere kunnskapsgrunnlaget om arealverdier i planområdet som grunnlag for å definere langsiktige byggegrenser i regionale og lokale vekstsoner.

#### **Parkeringspolitiske mål**

Eit urbant bymiljø heng saman med kva parkeringspolitikk og løysingar som er gjeldande. Planprogrammet bør innehalde eit punkt om at ulike parkeringsløysingar som gjev naudsynt tilgjenge for næringsliv og kundar skal drøftast i planprosessen, men at alternativ til overflateparkering skal utgreiast då dette er vanskeleg å foreina med utviklinga av kompakte og attraktive tettstader. Parkeringsprinsipp vert løyst best i ein overordna plan som Voss herad no legg opp til, og ikkje vert overlate til den enkelte grunneiar/utviklar å definere. Ei trafikkanalyse som skil mellom intern/lokal og gjennomgangstrafikk, kan vere eit godt reiskap i prosessen på den enkelte stad.

Vi vil difor rá til at temaa som skal inngå i planen vert organisert i ein hierarkisk struktur og vert knytt til overordna visjonar om korleis den nye kommunen vil utvikle seg og at ein søker å gje dei statlege planretningslinene eit meir heilskapleg fokus. Dette kan gjere det enklare for kommunen å ta nokre konkrete grep når det gjeld å synleggjere prinsippa for mobilitet.

#### **Landskap og strandsone**

Strandsona er ein avgrensa ressurs der det er viktig at omsynet til ålmenn tilgjenge vektleggast sterkt. Dette kjem fram av både plan og bygningslova §1-8, dei nasjonale retningslinjene for forvaltning av strandsona og dei arealpolitiske retningslinjene i fylkesplan for Hordaland. Hordaland fylkeskommune minner om *Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger* som vart vedteken 04.10.2017. Planen har mellom anna som mål at strandsona skal ivaretakast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur –og landskapsopplevingar, biologisk mangfold, friluftsliv og kulturminne. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre uheldig utbygging.

#### **Areal til mottak av massar**

Eit fokusområde som er ført opp under arealdelen er gjennomgang av areal til mottak av massar. Argument som er brukt for fokusområdet er det grøne skiftet og at bygging av ny veg/bane til Voss vil gje store overskotsmassar.

Omlegging til lågutslepssamfunnet gjer fokusområdet aktuelt, og det nye heradet vil ha mange utfordringar knytt til masseforvaltning. Temaet kan gjerne omfatte masseforvaltning og massehandtering meir generelt. Det kan t.d. tenkast at mykje av overskotsmassane frå infrastrukturprosjekt kan vere eigna som byggjeråstoff for ulike formål, og bør slik sett sjåast i samanheng med behovet for areal til uttak av byggjeråstoff. For overskotsmassar kan det t.d. vere aktuelt med lokalitetar for mellomlagring, sortering og vidareforedling, og strategi for lokalisering i forhold til bygjeaktivitet. Overskotsmassane bør i utgangspunktet sjåast på som ein verdfull ressurs som bør søkjast nytta optimalt. Masseforvaltning er også nemnt som eit aktuelt plantema i regional planstrategi for Hordaland, og fleire kommunar i Hordaland (Bergen og Meland) har masseforvaltning som tema i arealdelen til ny kommuneplan.

## Oppsummering

Hordaland fylkeskommune har merknader til forslaget til planprogram, då planprogrammet er lite konkret for tema knytt til arealdelen og bør vere gjeldande for berre samfunnssdelen. Vi rår til at det vert utarbeid eit eige planprogram for arealdelen i neste omgang. Vi peikar også på at kommunen bør ha ei sterkare satsing på å skapa engasjement og medverknad, og viser til sentrale faktorar som bør vektleggjast for å få ei vellukka utvikling av eit attraktivt senter og sentrum.

Regionalt planforum kan nyttast til drøfting av planutkast før offentleg høyring, kontaktinformasjon og oversikt over dataar finn ein på våre nettsider. Vi vil ønskja lukke til med eit viktig og framtidsretta planarbeid, og bidreg gjerne i prosessen om det er ønska.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar communal plan

Liz Eva Tøllefsen  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, Seksjon for plan -, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen - SAMFERDSELSAVDELINGA

Jostein Aksdal, Fylkeskonservatoren - KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

Odd Bjarne Berdal - OPPLÆRINGSNAVDELINGA

Inge Døskeland, Seksjon for næring - REGIONALAVDELINGA

Jomar Ragnhildstveit, Seksjon for klima og naturressursforvatning – REGIONALAVDELINGA

Tale Halsør, Seksjon for klima og naturressursforvatning – REGIONALAVDELINGA

Else-Marie Brobakke Aarø, Seksjon for næring - REGIONALAVDELINGA

Grete Jacobsen, Seksjon for næring - REGIONALAVDELINGA

Heidi Bjønnes Larsen, Seksjon for næring - REGIONALAVDELINGA

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland